

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldreråd/Råd for personar med funksjonsnedsetjing	14.01.2020	003/20
Formannskapet	14.01.2020	005/20
Kommunestyret	04.02.2020	005/20

Saksansv. Gro Sørensen	Arkiv K1 - 252	Arkivsaknr 20/6
------------------------	----------------	-----------------

Startlån - revidering av retningslinjer -Bokn kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gjeldande retningslinjer for tildeling av startlån i Bokn kommune sist vedteke av Kommunestyret 11.09.2018 videreføres med fylgjande presiseringar og endringar:

1. Bokn kommunestyre vedtar at Startlån frå Bokn kommune tildeles i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande forskrift om startlån for Husbanken.
1. Bokn kommune vil, dersom lånsøkar kvalifiserer til startlån, prioritere søknader som bygger på ei samfinansiering mellom kommune og bank.

I slike saker får rådmannen fullmakt til å gi startlån opp til 40% av det totale finansieringsbehovet ved kjøp/bygging av bustaden *med ein maksimal kostnadsramme på bustad på inntil 4 mill.*

1. Andre lånesøknader, der lånsøkar er kvalifisert til startlån, legges fram for formannskapet til endeleg behandling.

Eldreråd/Råd for personar med funksjonsnedsetjing 14.01.2020:

Behandling:

ERPF- 003/20 Vedtak:

Rådet støttar rådmannen sitt forslag til vedtak.

Formannskapet 14.01.2020:

Behandling:

SP foreslår at det skrives et eget punkt kor ein presiserer nærare korleis retningslinjene skal praktiserast.

FS- 005/20 Vedtak:

Rådmannen sitt forslag med tillegg av forslaget frå SP vart samrøysta vedtatt.

Kommunestyret 04.02.2020:

Behandling:

KS- 005/20 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

Kva saka gjeld:

Revidering av kommunale retningslinjer for tildeling av Startlån i Bokn kommune

Bakgrunn for saka:

Tildeling av Startlån er forankra i retningslinjer gitt for Startlånstildeling av Husbanken og forskrift om lån frå Husbanken nr. 1546, datert 01.12.2019 § 5 -1 til 5-4. Bokn kommune har i tillegg lagt sine føringar på tildeling av Startlån i Bokn kommune der tildeling av startlån også kan gis til innbyggerar som vil etablere i eigen bustad i kommunen enten ved kjøp av brukt bustad eller bygging av ny bustad, jfr. Kommunestyret sitt vedtak av 11.09.2019 i sak 043/18 « Tildeling av Startlån - nye retningslinjer»

Saksutgreiing:

Bokn kommune sine retningslinjer for tildeling av Startlån gir anledning for kommunen ved samfinansiering mellom bank og kommune (startlån) å gje 40 % i Startlån til kjøp eller bygging av bustad. Det blir ikkje satt noe øvre grense på bustadens kostpris i kommunen sine retningslinjer og av den grunn vil ein kunne delfinansiere forholdsvis kostbare bustadar med Startlån frå kommunen dersom Bokn kommune sine retningslinjer ikkje har eit øvre tak på kva bustad kan kosta ved ein samfinansiering av privat bustadlån og Startlån.

Dette er ikkje forenlig med Forskrift om lån frå Husbanken nr. 1546 § 5-3, 3.dje avsnitt som sier «*Boligen skal være egnet for husstanden, nøktern og rimelig sammenliknet med prisnivået på stedet.*»

Prisnivå i Bokn kommune dei siste 2 åra har for brukt bustad vært på mellom 1.8 mill – 2.8 mill og ny bustad 2.1 mill (leilighet) til 4 mill.

Dersom Bokn kommune sine retningslinjer for tildeling av Startlån ikkje har ei øvre grense på kva kostpris ein bustad kan ha for at Startlånstildeling skal kunne gis, vil hensikten med Startlånsmidler i kommunane som er midler utlånt frå Husbanken ikkje oppfylle vilkåret som Startlånsmidler er meint å dekke – «*Boligen skal være egnet for husstanden, nøktern og rimelig sammenliknet med prisnivået på stedet.*»

Vurdering:

Vedlegg:

Dok.nr

11.09.2018

24.08.2018

Tittel på vedlegg

Tildeling av Startlån - nye retningslinjer

Retningslinjer for startlån 2014